

Partnerskapsavtale – Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane

Mål med avtalen:

Avtalen skal klargjere ansvar, roller og retningslinjer for å nå felles mål

Forankring:

Verdiskapingsplanen – i samsvar med vedtak i FT 12.-13. juni 2018.

Det vert konkret peika på avsnitt 3.8.2 Innovasjonsnettverk i rullert verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane og generelt på ambisjonen om å ta i bruk smart spesialisering¹ som arbeidsmetode.

Avtalen er vidare forankra i sak handsama i HNK 19. mars 2019

Arbeid som er knytt til gjennomføring av arenaprojektet OCEAN HYWAY CLUSTER eller andre frittstående og finansierte prosjekt, vert ikkje inkludert som grunnlag for finansiering i denne avtalen.

Avtalepartar er:

- **Sogn og Fjordane fylkeskommune** (som leiar av partnerskapsarbeidet)
- **Maritim forening** (styrehandsama / 2019)

Tidsrom:

- Frå 1/4 2019. Til 31/12 2020

Avgjerdspunkt

- Partane etablerer avgjerdspunkt² i november 2019 der arbeidsomfang og finansiering for kommande år kan bli justert

1 Maritim Forening sitt ansvar:

1 Fornyng og omstilling i innovasjonsnettverk

Avtalen handlar om å identifisere og gjennomføre eit opplegg definert i smart spesialisering som «entreprenøriell oppdaging». Gjennomføring føreset at konturane av ein konkret nyskapande forretningsmulegheit er identifisert. Aktiviteten skal legge grunnlag for fornyng eller omstillingsprosessar som bygger på sterkt, eksisterande kompetansegrunnlag i regionen og som er relevant for fleire bedrifter.

Innsatsen vert gjennomført som eit oppdrag for fylkeskommunen. Oppdraget vert utforma i samråd mellom partane. Målet med oppdraget er å nytte nettverket Maritim Forening til å lansere fornyings- eller omstillingsprosjekt basert på initiativ frå medlemsmassen og basert på røynsler som t.d. frå hydrogenprosjektet.

Vi er samde om å gjennomføre eit case og oppsummere dette. Røynslene skal medverke til å utvikle arbeidsmetodikk frå ide er lansert til ideen er klar for ordinære verkemiddel. Vi ønskjer å utvikle arbeidsmetodar for denne innleiande fasen. Føremålet er at gode idear i det marine og maritime næringsmiljøet - med stort potensiale for fleire bedrifter - raskast mogeleg vert avklara for vidare bearbeiding gjennom ordinære verkemiddel.

Detaljar er omtala i eige oppdrag.

¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/9cff31a9a15c457c9366c63c5aa65f42/veileder-smart-spesialisering-endelig.pdf>

² Som definert i PLP (prosjektlederprosessen)

2 Internasjonalisering

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å undersøke potensialet i dei nye plattformene som vert bygd opp i Europa basert på regionane sine strategiar for smart spesialisering. Aktuelle plattformer er EU-kommisjonen si plattform Marine Renewable Energy³ (MRE) og ev tilsvarande gjennom Vanguard-samarbeidet⁴.

Målet er å prøve ut nytteverdien av å delta på dei nemnde plattformene. For å avklare slik nytteverdi, ønskjer vi at Maritim Foreining deltek på relevante møteplassar saman med fylkeskommunen. Maritim Foreining skal få dekkja løns- og reisekostnader (kost og reise) for si deltaking inntil kr 46.000.

2 Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt ansvar

1 Fornyning og omstilling i innovasjonsnettverk

Sogn og Fjordane fylkeskommune saman med Hordaland fylkeskommune etablerer eit samarbeidsprosjekt som også inkluderer aksjonsplanen for P-IRIS. Oppdraget «Fornyning og omstilling» vert brukt som case for læring i dette prosjektet.

2 Internasjonalisering

Sogn og Fjordane får tilbod om å delta som observatør i Vanguard-samarbeidet i 2019. Røynsleane vert brukte i det nye Vestland fylke for å avklare om det nye fylket skal bli medlem i Vanguard eller om den meir opne plattformen Marine Renewable Energy er aktuell for oss. Desse plattformene er klart meir interessante for fylkeskommunen dersom Maritim Foreining også ser høg nytteverdi.

3 Felles retningslinjer:

I arbeidet er partane samde om:

- Partane legg til grunn prinsippa for samfunnsansvar og berekraftig utvikling og inkluderer denne føringa i årsrapportar.
- Store samfunnsutfordringar skal ha prioritet; det grøne skiftet, modernisering av velferdstenester, store teknologiskifte
- Initiativrike miljø vert prioriterte. Partane erkjenner at innovasjon lukkast best «nedanfrå og opp»
- Arbeidet med omstilling og nyskaping skal vere forankra i eksisterande styrke i regionen og knytast til tenkinga «smart spesialisering»
- Partane er samde om å tilby ev innovasjonsnettverk oppretta som del av denne avtalen, oppfølging gjennom Interreg Europe prosjektet P-IRIS frå hausten 2019 (prosjektet sin operative fase)

4 Finansiering

Finansiering vert avklara gjennom sak for HNK 19. mars 2019

³ <http://s3platform.jrc.ec.europa.eu/marine-renewable-energy>

⁴ <https://www.s3vanguardinitiative.eu/>

5 Definisjonar

Partnaromgrepet

Ein partnar er ein organisasjon som legg ressursar inn i felles innsats. Medlemsbedriftene i Maritim Foreining v/ styret er partnar.

Underskrifter

Stad og Dato

Stad og Dato

.....
Sogn og Fjordane fylkeskommune
-leiar av partnarskapsarbeidet-

.....
Maritim Forening
- partnar -

VEDLEGG:

Oppdrag: Gjennomføre utprøving av arbeidsmetodikk «FORNYING og OMSTILLING I INNOVASJONSNETTVERK»

VEDLEGG

Oppdrag til: Maritim Foreining

Oppdragsgjevar: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga

Gjennomføre utprøving av arbeidsmetodikk «FORNYING og OMSTILLING I INNOVASJONSNETTVERK»

FORANKRING:

- Metodeforankring: «Entreprenørielle oppdagingar» i metodikken «Smart spesialisering»⁵
- Partnerskapsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Maritim Foreining underteikna i mars 2019.

OPPDRAGET SIN STATUS I HØVE INNKJØPSREGELVERKET:

- Forsking og utvikling

1 Målsetting

I regionale planar bygd på «smart spesialisering» treng vi metodikk knytt til det som vert kalla «entreprenørielle oppdagingar» (*sjå definisjon i rettleiaren – vedlagt utdrag*). Bakgrunnen er eit ønskje om å bruke kompetanse og ressursar der ein region har konkurranseføremoner, til fornying eller omstilling. Aktuelt for tida er omstilling knytt til miljøproblem og klima og fornying basert på rask teknologisk utvikling.

Vi treng å oppsummere lærdommar og institusjonalisere god praksis.

Mål

Målet for oppdraget til Maritim Foreining er:

- Å gjennomføre eit case som test
- Å medverke til læring mellom innovasjonsnettverk i regionen
- Å bruke caset samt anna relevant røynsle frå Maritim foreining sitt arbeid til å gi råd om god praksis for tidleg fase av «entreprenørielle oppdagingar»

⁵ <https://www.regjeringen.no/contentassets/9cff31a9a15c457c9366c63c5aa65f42/veileder-smart-spesialisering-endelig.pdf>

Oppdragsgjevar sitt føremål med oppdraget er:

- Å lage ein verkemiddelpakke i fasen frå mulegheit er lansert til ei såkalla «entreprenøriell oppdaging» er klar for å bli vurdert vidareutvikla med hjelp av ordinære verkemiddel.
- Å legge til rette arbeidet i denne fasen med mål om få til god og rask avklaring. Målgruppe er nøkkelpersonar i innovasjonsnettverk og operativt ansvarlege i verkemiddelapparatet i regionen.
- Dette oppdraget er ei av kjeldene for å oppnå oppdragsgjevar sitt mål om å systematisere arbeidsoppgåva «entreprenørielle oppdagingar».

Kvifor oppdraget går til Maritim Forening

Maritim forening er dominerande nettverksaktør med medlemmer i ulike bransjar knytt til det marine og maritime næringsmiljøet i Sogn og Fjordane. Dette næringsmiljøet representerer sterke aktørar innan bransjar der Sogn og Fjordane (og etterkvar Vestland) har konkurranseføremoner og der det ligg eit potensiale for fornying og omstilling.

Maritim Forening har delteke som case i FoU basert aktivitet i VRI-programmet og vil vere case for testing av revidert verktøykasse for innovasjonsnettverk i P-IRIS prosjektet.

Maritim Forening har røymsler frå hydrogenprosjektet, er node for GCE Subsea og har nettopp oppnådd sjølvstendig status som «Ocean Hyway Cluster».

Det er ikkje alternative miljø som har tilsvarande grunnlag i Sogn og Fjordane i høve føremålet med dette oppdraget. Det er viktig for Sogn og Fjordane fylkeskommune å nytte seg av røymslene Maritim Forening har når vi vil operasjonalisere konseptet «entreprenørielle oppdagingar»

2 Nærare om oppdraget

Leitefasen

- Føresetnaden er at eit utviklingsmiljø kjem over innovative idear som del av sitt kontinuerlege arbeid. Nokon må presentere eit problem eller ein mulegheit som dei ønskjer løysing på – nokon må vere «problemeigar». Det vert ofte snakka om ein ide, men i tilfelle uferdige idear, mulegheiter eller rett og slett eit uløyst problem.
- Vi føreset at Maritim Forening sin ordinære aktivitet naturleg fører til at aktuelle case dukkar opp. Det er ikkje tenkt finansiering for denne fasen.

Avgjerdspunkt: Partane vert samde om eit case og arbeidsmetode meir i detalj

Partane må bli samde om eit identifisert case er godt eigna; dvs. i tråd med føremålet med denne avtalen.

Partane må bli samde om arbeidsopplegg. Eit gjennomtenkt arbeidsopplegg er nødvendig for å få til god læring. Alle avvik frå arbeidsopplegget må forklarast med føremål læring. Eksperimentering og avvik er pårekna.

Testfasen

Maritim Forening får tildelt økonomiske ressursar til to fasar basert på avklaringane ved avgjerdstidspunktet:

- **Førebuing**
 - Finne aktørar som er nødvendige samarbeidspartar
 - Førebu gjennomføring av serie nettverksmøte der berre folk med ei klart definert rolle deltek
- **Gjennomføring** – serie nettverksmøte
 - Mål og trend / Problemanalyse / Avgrensande faktorar.
 - Planlegging av vidare arbeid

Det er eit mål å utvikle ein testfase som er kort og som raskt avklarar om det skal arbeidast vidare og i tilfelle korleis.

Vidare arbeid

Vidare arbeid vert finansiert gjennom ordinære verkemiddel

3 Finansiering

Det vert sett av ei ramme på kr 204.000 til oppdraget